

Lys Vaken i Sæbø kyrkje

Manger, 27. november 2018

Hei!

Så kjekt at du vil vere med på Lys Vaken i kyrkja 1. - 2. desember!

Vi samlast i Sæbø kyrkje laurdag 1. desember kl. 16.30.

Vi kjem til å gjere masse gøy! Vi skal bli bedre kjent i kyrkja, vi skal leike, høyre ei bibelforteljing, ha juleverkstad, synge saman, m.m. Vi et bollar og frukt saman ca. kl. 17.30. og ca. kl. 20.45 vert det pizza.

Når natta kjem, søv vi i kyrkja. Vi seier god natt 00.30.

Søndag et vi frukost saman før vi pakkar tinga våre og gjer dei siste førebuingane til gudstenesta som vi skal ha kl. 11.00 i kyrkja.

Søndag inviterer vi foreldre og sysken og alle andre til gudsteneste i kyrkja. De skal vere med på ulike innslag som vi har førebudd. Etterpå er de kyrkjekaffi, og så er Lys Vaken slutt.

Lys Vaken handler ikkje om å vere vakne heile natta, men om å vere lys vakne for det som skjer rundt oss. Vi skal vere lys vakne for kvarandre, for Gud og for oss sjølve. Det er ein av grunnane til at vi vil at mobiltelefonane skal vere pakka vekk og på lydlaus, slik at foreldre må vere klar over at dei ikkje når dykk på telefon på løpet av kvelden. Ved behov kan foreldre ringje Wilco på 479 73 670.

Vi kjem til å kjøpe inn litt snop, brus og frukt som vi deler og **ynskjer ikkje at de har med snop og brus.**


Det hadde vært fint om foreldra kan vere i kyrkje kl. 10.30 søndag, slik at madrassene og bagen kan settes i bilen. Har du som forelder høve til å koma før det og hjelpa til med rydding er den hjelpa hjarteleg velkomen.

Vi sees!

Marta, Hans Kenneth og Wilco (Team Lysvaken)



DEN NORSKE KYRKJA
Radøy sokn



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA